

# TRE FJORDAR

LAGSBLAD FOR: SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO  
NORDAHL BRUNS GATE 22, 0165 OSLO

---

NR. 3

2017

ÅRGANG 32

---



*Ostelag på Nordfjordhytta 7.-8. oktober*




FOTO: Arne Tvinnerim fra nettet



*Smalahove på Pustut  
21.-22. oktober*

*90. klubbefesten laurdag 4. november  
- sjå side 5!*

---

# *Leiaren* – lagshausten har mykje godt å by på!

## **Gode medlemmar!**

Med sommaren bak oss og haustveret i kjømda ønskjer vi alle vel møtt i laget.

Ringen er i gang med øvingane. Ein av dei gamle dansarane der, Sigrund Nesdal, fylte 90 år i sommar. Sjå side 6. Og så har folk frå ringen nyleg vore på ein makelaus tur i Ytre Sogn og Sunnfjord. Melding frå den turen i neste nummer.

Dei tradisjonelle tilskipingane kjem i oktober og november. Den første med osteselskap i etter kvart god tradisjon på Nordfjordhytta, den første laurdagen i oktober, sjå neste side.

Så vert det 14 dagar seinare fest på Pustut (Sunnfjordhytta) med skjelter (smalahove). Meir om den finn du på side 4 (påmelding og pris).

To veker etter det igjen, 4. november, toppar det seg med **den nittiande Klubbefesten**. Vi får vitjing av *Jon Tvinnereim* og *Austrheim Musikklag*, alle frå Nordfjord. Vi markerer også at det er 30 år sidan dei tre laga slo seg saman i Sogn og Fjordanelaget i Oslo.

Vel møtt både på hyttene og i Nordahl Bruns gate.

**Agnar Kvellestad** (leiar)

---

## *Kulturnatt Oslo* fredag 15. september

Gå i Bygdelagshuset i Nordahl Bruns gate 22 no fredag og opplev folkeleg dans, song og musikk med Bygdelagsamskipnaden – **gratis!**

Tilskipinga er ein del av Kulturnatt Oslo og varer frå kl 17 til vel midnatt. Staden er **Bygdelagshuset, Nordahl Bruns g. 22**. Open kafé heile kvelden.

Kollektivtransport:  
Buss 37 til Nordahl Bruns gate.  
Trikk 11, 17 og 18 til Holbergs plass.



Bygdelagsamskipnaden gir deg folkesong, dans og musikk i tre salar. 17.00 og 18.00: Halling i Halli. For ungar 5–15 år.

# Osteselskap

på Nordfjordhytta 7.–8. okt.

Vi inviterer til tradisjonsrikt osteselskap og mykje god prat på Nordfjordhytta helga **7.–8. oktober**.

Ta med litt ost, kjeks, frukt og høveleg drikke til festmåltid ca kl. 19 laurdagskvelden.

Ta også med litt frukostmat til lang, felles frukost søndag.



FOTO: Dagfinn Aa ©

**GODT OSTELAG:** Så triveleg er det på Nordfjordhytta når der ei helg kvar haust er osteselskap, med kjeks og ost på bordet og eld på peisen.

Vel møtt på hytta!

*Helsing Astrid Gjørven og Dagfinn Aa*

---

19.00–22.30: Folkedans for alle i Halli.  
Ansvarlege lag: Hordaringen, Oslo  
Songdanslag og Symra. Gammaldans,  
turdans, songdans, historisk dans, stil-  
dans mm. Musikk ved Solvor Sundsbø  
og Edvin Øen.

20.00–20.30: Gammaldans til toradar-  
musikk i Halli. Toradargruppa i Symra  
– “Symradern”.

19.00–22.30: Springar og gangar for  
alle i Blåsalen. Kenneth de Gala, Andris  
Hemsing og Herbjørn Liahagen spelar.



19.00–00.30: Dansefest i Storsalen.  
Østerdølenes Spellmannslag og Tonje  
& Stein Magne spelar,  
men 20.00–20.30 er det **Konsert med  
Bygdelagskoret Blåne**.

# *Smalahove* på Sunnfjordhytta 21.–22. okt.

Det går slag i slag  
på hyttene i haust.  
Ikkje før har folk  
fått i seg ost, kjeks  
og anna godt på  
Nordfjordhytta, så  
blir det smalahove  
m.m. å få på Pust-  
ut laurdag 21.  
oktober.

Ta med høveleg  
drikke til fest-  
maten ca kl. 19  
laurdags kvelden.

Folk må pga. maten mælda seg på etar-  
gildet til Agnar Hegrenes,  
tlf. 924 96 438 (gjerne på sms) eller  
agnar.hegrenes@nibio.no  
**seinast onsdag 18. oktober.**

Prisen vert også i år **200 kr**  
**per person**, 300 for dei som  
overnattar til søndag. Kaffi  
og kaker er medrekna.

Dei som vil overnatta,  
må ta med sovepose/  
lakenpose og mat og  
drikke til frukosten.

Laurdagen byd også på ei overrasking.




FOTO: Agnar K. ©

**SMALAHOVE TIL BORDS:** So god stemning er det på Sunnfjordhytta når det ei helg kvar haust kjem smalahove, kålrot og poteter på bordet.

Me ynskjer alle som kan og vil, vel-  
komne til eit godt måltid svidne smala-  
hove frå Ivar Løne på Voss, med kålrot,  
poteter og flatbrød til!

**Agnar Hegrenes,**  
leiar i hyttestyret



**Sunnfjordhytta Pustut** ligg ved Sinober i Lillomarka. Du kan gå sti anten frå Snippen eller Movatn (på Gjøvikbana) eller grusveg frå Sagtomta i Nittedal (RV4 til skilting 'Lillomarka').

# Klubbefesten 4. november

Nok eit jubileum – den 90<sup>ande</sup> festen!

Og Sogn og Fjordanelaget i Oslo er allereie 30 år!

**Klubbefesten laurdag 4. november** er den 90. i rekka, frå den fyrste i 1923 (5 år utan under krigen). Historikaren **Jon Tvinnereim** frå Randabygda held festtalen, og **Austrheim Musikklag** frå Gloppe spelar til underhaldning og dans!

FOTO fra nettet (Volda i bakgr.)



**Jon Tvinnereim** voks opp i Randabygda og har arbeidt som førsteaman, i historie og rektor ved Høgskulen i Volda i mange år. No er han ein aktiv pensjonist. Dessutan er han forfattar, har skrive ein brote med bøker og artiklar. Han vil kaste eit skråblikk på Nordfjord og fylket og setje klubbefesten inn i eit større perspektiv.

**Austrheim Musikklag** er eit av våre aller eldste spelemannslag, heile 100 år i år. Det har dei feira med å spele i alle fylka i landet og set no kruna på verket med å spele for oss i Oslo på haustfesten!!

Elles vert det full **klubbe-/raspeballmiddag** med alt som hører til – truleg den siste store!

Alle opplysningar om på-melding og prisar kjem i neste nr. av **Tre Fjordar** – om eit par-tre veker, men set av kvelden alt no!



*Austrheim Musikklag rundar dei 100 i år og har spela i alle fylke dette året når dei har gjesta oss. Slå den!*

Og tips gjerne vene og kjende om denne eineståande tradisjonsfesten vår!  
**De er velkomne laurdag 4. november!**

# Sigrund Nesdal 90 år!

I finaste sommarveret runda Sigrund 90 år 19. juli.

Ho var i fleire tittals år aktiv både i leikarringen og i lagssamanhang.

Om ho ikkje lenger er like aktiv som tidlegare, har ho godt humør og godt hugse.



FOTO: Alv Reidar Dale ©

**GILD JUBILANT:** Sigrund Nesdal fylte 90 år 19. juli. Ho vart fortent feira med både blautkake og blomar frå Sogn og Fjordanelaget og -ringen.

Og Sigrund held framleis laget med kabbar og troll til borddekorasjonar på klubbefesten kvart år!

Og ikkje minst har ho rosemåla tallause fat, bollar og kister til mange av medlemmane og andre.

Det var svært kjekt å kunne vitje henne heime på Stovner på sjølve dagen, med blomar, kake og kaffi, frå laget og ringen. Ei retteleg triveleg og god stund i godt selskap.

*Anny, Alv Reidar og Marit*

**MED GLIMT I AUGA:** Sigrund har humor og godt humør i høg alder. Og sjølv om ho ikkje er like dansesprek lenger, hugsar ho godt den tida.



# Folkemusikk og dans på Riksscena

## Sunniva no

er ei interaktiv danseframsyning om tru og tvil, maktbruk og mellommeneskelege relasjoner, bygd på historia om Noregs første og einaste kvinnelege helgen, Sta. Sunniva av Selje.

«Sunniva no» er tittel på denne samtidsorienterte nyproduksjonen med norsk folkedans og folkemusikk. Den viskar ut skiljet mellom scene og sal, og let publikum få oppleve dans og musikk på nært hold.

*Sunniva no* er produsert i samarbeid med Førdefestivalen og Sogn og Fjordane Teater, og med støtte fra Kulturfondet.

Frå vårt fylke er *Gro Marie Svidal* med og spelar, ho har også laga musikken. *Mette Brantzen* har regi/koreografi og *Erik Annar Evensen* står for scenografi.



FOTO: Cathrine Dokken ©

**Laurdag 30. sept. kl. 21. Få bill., kr. 220.** Riksscena ligg inst i Schouskartalet nedst på Grünerløkka.

## ... me berre minner om at

Laget sine tilskipingar finn du òg på nett-sidene våre. Med etterhald om endringar.  
<http://www.sognogfjordanelaget.no/>  
<http://sognogfjordaneringen.no>

- Det blir Kulturnatt i Oslo fredag 15. sept. Den deltek BLS og laget på.
- Oseselskap på Nordfjordhytta første helga i oktober, 7.–8. .
- Smalahovegilde på Sunnfjordhytta 21. oktober.

**Lagsavisa Tre Fjordar – fristar mm.**  
Frist for stoff til neste avis er **1. oktober**.  
Send stoff til bladet i vanleg Word.  
Bilete; helst digitale (som .jpg).  
Send til [a.r.e.dale@uniforum.uio.no](mailto:a.r.e.dale@uniforum.uio.no)

**OBS! Ei oppmoding** til alle som har e-postadresse, men ikkje har meldt inn til laget. Send henne til oss (sjå baksida), slik at me kan bruka den ved utsendingane av avis og annan informasjon.

**BRUK HYTTENE I HAUST:** Me oppmodar medlemmene til å leige hyttene i helgane, det er svært rimeleg og fin haustferie, det! Sjå kontaktlista på baksida av bladet.



---

---

## STYRET

**Leiar:** Agnar Kvellestad 22 49 45 96 (p) - 90 53 36 96  
agnar.kvellestad krøllalfa nmbu.no

**Kasserar:** Hilmar Nummedal 92 06 72 63  
hilmar krøllalfa getmail.no

## PRESSE & PR

**Leiar:** Alv Reidar Dale 97 82 62 48(p) - 22 85 63 48 (a)  
a.r.e.dale krøllalfa uniforum.udio.no

## HYTTESTYRET

**Leiar:** Agnar Hegrenes 92 49 64 38  
agnar.hegrenes krøllalfa nibio.no

**Kontakt Sunnfjordhytta:** 21 92 02 05 (p) - 91 55 10 58 (a)  
Andor Gjelsvik  
andorgj krøllalfa frisurf.no

**Kontakt Nordfjordhytta:** 45 00 49 33  
Dagfinn Aa  
aa12 krøllalfa online.no

## SOGN OG FJORDANDERINGEN

**Nestleiar:** Finn Stafsnes 90 82 12 27  
Fi-stafs krøllalfa online.no

---

**Sendar:** **SOGN OG FJORDANELAGET I OSLO**  
**Nordahl Brunsgate 22**  
**0165 Oslo**

---